



Alf Eikevik
Kollåsen 54
5116 ULSET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/2565 - 19/39034

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
20.12.2019

Utført terrenginngrep som søknadspliktig tiltak - gbnr 99/4 Våge


Saka gjeld

Byggesaksavdelinga har blitt kontakta av eigar av gbnr 99/1 om at det er utført terrenginngrep på dykkar eigedom utan at dette er blitt søkt om eller godkjent. Kommunen har blitt bedt om å vurdere om tiltaka tilfredsstillar naudsynte krav etter plan- og bygningslova og om dei er lovlege, jf. deira skriv datert 10.09.19.


Synfaring

For å avdekka eventuelle ulovlege tiltak på eigedomen, ville Lindås kommune foreta ei synfaring på eigedomen, sjå skriv av 16.09.2019. Synfaring vart gjennomført på gbnr 99/4 Våge den 18.09.19. På synfaringa var Eirik Berntsen og Tone Furustøl tilstade frå kommunen. Tiltakshavar Alf Eikevik og hans far var tilstades. Nabo på gbnr 99/1, Elin og Henry Fanebust, var også tilstades på sin eigen eigedom. Det vart opplyst frå tiltakshavar at han driv med nydyrking på ca. 1 mål i tunet og skal etablere ein grønsakshage på arealet. Tiltakshavar skal sprengje vekk fjell for å planere kupert areal. Jordmasser som er tatt vekk og som ligg på eigedomen skal tilbakeførast til arealet.

Utsnitt grunnkart



Utsnitt ortofoto 2018



I skriv av 20.09.2019 har kommunen bedt tiltakshavar om å toppe arbeidet fram til saken er vurdert ferdig frå kommunen si side.



Byggesak v/ Siril Sylta og Tone Furustøl hadde den 20.09.2019 møte med Landbruk v/Kjartan Nyhammer i høve terrenginngrep på gbnr 99/4 og synfaring på staden den 18.09.19.

Landbruk opplyst at det ikkje er særskilt kulturlandskap med gbnr 99/4 og 99/1 sett i samanheng. Dei tiltaka ein gjer på ein landbrukseigedom skal stå i samsvar med den nytteverdi/avkastning du får av tiltaket. Å dyrke grønsaker går inn under jordbruksføremål. Arealet har ikkje låge brakk i meir enn 30 år då det ville ha vore gjengrodd av skog. Arealet vert ikkje nydyrking etter forskrift om nydyrking, jf. §3.

Kommunen må vurdere om tiltaket er eit vesentleg terrenginngrep etter plan- og bygningslova. Kommunen må vurdere om tiltaket er eit planeringsfelt etter forurensingsforskriften kap. 4, jf. § 4-2, sjå [her](#). I tillegg ligg tiltaket i randsona for sikringssone for kulturminne og det må foretas ein avklaring i høve Fylkeskonservatoren. Det må også gjerast rede for om arealet skal drenerast og om arealet skal ha eit grøftesystem.

Tiltaket er eit søknadspliktig tiltak som vesentleg terrenginngrep etter plan- og bygningslova utan ansvar, sjå byggesaksblankettar frå dibk [her](#) på dibk.

Kommunen ber om at søknad og tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 05.02.2019**.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alf Eikevik	Kollåsen 54	5116	ULSET
Elin Tordis Holmås Fanebust	Lindåsvegen 2088	5955	LINDÅS
Elin Tordis Holmås Fanebust	Lindåsvegen 2088	5955	LINDÅS
Fanagro AS	Brugata 6	5200	OS
Hordaland fylkeskommune Kultur- og Idrettsavdelinga	Postboks 7900	5020	BERGEN
Link Arkitektur AS	Postboks 383 Sentrum	0102	OSLO

Mottakarar:

Alf Eikevik	Kollåsen 54	5116	ULSET
-------------	-------------	------	-------